



Den svenske gruppa Bob hund er kjend for mykje humor og glede i sine framføringar.

**Konsertprogrammet er komplett. Plakaten er i trykken. Dei siste gruppene er å plass. Då skal alt vera klart for Festidalen, skipa til dei siste dagane i juni. Billettsalet er starta, men hugs at det er fram til 1. april det er billettar til reduserte prisar. Frivilligregistreringa er opna. Gå inn på Festidalen si heimeside og finn skjema.**

Dei siste artistane, som er booka, er:

### **Dagny**

Trømsøartist som debuterte i 2015. Dagny er alt god kjend i inn- og utland

### **Bob hund**

Ei svensk gruppe frå Skåne som har spreidd glede, humor og live-musikk i heile Skandinavia

### **Halie**

Halie er ein ny popkomet frå Bergen. Ho skriv låtane sjølv og kan samanliknast med AURORA.

### **Ida Jenshus**

Jenshus er ein godt etablert artist med mange Spelemannsprisar.

Med dette er alle artistane på plass. På Festidalen si heimeside vil du etterkvart finna eit komplett festivalprogram.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Pressebilete - med løyve frå arrangøren